



Forsvarsdepartementet

Postboks 8126

0032 OSLO

Uttale til høyring om forslag til lov om opptak og bruk av informasjon om skjermingsverdige objekter, militære anlegg og områder og bunnforhold

Fylkesmannen viser til høyring av forslag til *Lov om opptak og bruk av informasjon om skjermingsverdige objekter, militære anlegg og områder og bunnforhold* datert 13.12.2016, og til høyringsfrist utsett til 13.02.2017.

For ei effektiv og god forvaltning av kystområda, er det nødvendig med god tilgang på kunnskap av rett kvalitet. Forslag til ny lov vil avgrense tilgangen til eksisterande detaljerte djupnedata. Djupnedata er basisinformasjon for oppbygging om meir detaljert kunnskap om dei ressursane vi har i havet.

Stortinget har mål om auka vekst i havbruksnæringa og anna blå økonomi innanfor berekraftige rammer. For å lukkast med det, er det avgjerande at det sivile samfunnet får tilgang til høgoppløyslege djupnedata. Slik kan ein til dømes planlegge plassering av oppdrettslokalitetar og vurdere interessekonfliktar effektivt og formålstenleg. Effektiv og berekraftig utvikling av kystsona vil vere vanskeleg å gjennomføre utan tilgang til detaljerte djupnedata.

Trongen til tilgjengeleg kunnskap med høg presisjon kan også overførast til andre utviklingsområde. Vi vil vise til utvikling av detaljert sjøkart for kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven på Søre Sunnmøre. Grunnlaget for dette prosjektet var tilgang til djupnedata med 1x1 meters presisjon. Dette datagrunnlaget blir brukt til ei rekkje offentlege og private utviklingsprosjekt, som til dømes interkommunal marin næringsplan, utviding av Marine Harvest sitt anlegg på Eggesbøneset og mudring av Fosnavåg hamn i Herøy kommune.

Frigjevne detaljerte djupnedata saman med strømkart og anna tilgjengeleg kunnskap om havområda våre, gir høve til å lage naturtypekart for sjøområda. Vi viser her spesielt til nasjonalt pilotprosjekt «Marin kartlegging på Søre Sunnmøre». Dette prosjektet har som mål å utvikle metodikken for naturtypekartlegging i sjø etter NiN-systemet. Grunnpilaren for dette pilotprosjektet er dei djupnedata som blei frigitt i juni 2016.

Når det gjeld forskning og utvikling, er det viktig at grunndata er tilgjengeleg, utan restriksjonar og graderingar, slik at forskinga blir etterprøvbar.

I høringsnotatet visast det til svensk lovgiving på området. Den lange kystlina i Norge og posisjonen den har i høve til næringsutvikling, set Norge i ei særstilling. Det må tas omsyn til det norske samfunnet sin trong til forvaltingsretta og presis kunnskap ved utforming av lovverket, slik at vi legg til rette for ei best mogleg utvikling langs Norskekysten.

Kommunane har rett og plikt til å ta vare på kystområda gjennom berekraftig bruk og vern. Eit godt og tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag er avgjerande for å lukkast med dette.

Med helsing

Lodve Solholm

Linda Aaram

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.